



SAMFERDSELSDEPARTEMENTET  
Postboks 8010 DEP  
0030 OSLO

Dato: 11.05.2016  
Vår ref.: 2014/13939-26  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:15/1230

## Bompengereformen - status og vidare prosess i region sørvest

Me viser til brev frå Samferdselsdepartementet frå 9.2.2016. I brevet er det stilt ein del spørsmål om status og prosess for bompengereforma i regionane. Fylkesrådmennene i regionen har utarbeida eit felles saksgrunnlag om etablering av eit regionalt bompengeselskap (vedlegg), som ein tek sikte på å handsama politisk før sommaren 2016. Svara på spørsmåla nedanfor er derfor gjeve med atterhald om politisk tilslutnad i den fem fylkeskommunane.

Her er svara frå region sørvest:

1. *Hvordan tenker fylkeskommunene i hver region å etablere det regionale bompengeselskapet – som et nytt selskap, eller basert på et eksisterende bompengeselskap innenfor regionen? Hva er tidsplanen for arbeidet?*

Fylkesrådmennene i region sørvest legg opp til å etablere eit nytt selskap – Sørvest Vegfinans AS , eigd med lik eigarandel av dei fem fylkeskommunane. Fylkesrådmennene har følgeands tidsplan for arbeidet:

Milepælar/framdrift:	V16	H16	V17	H17
Administrative avklaringar				
Vedtak om etablering av selskapet				
Stifting av selskapet				
Engasjere mellombels dagleg leiar				
Tilsetje dagleg leiar				
Rekruttering/kompetanseoppbygging/lokalitetar				
Starta fusjonsprosess/innlemming				
Utarbeida driftsstrategi				
Utskiljing,overføring av brikker/ event. etablering utstedarselskap				

2. *Hvilke av sine eksisterende prosjekter ønsker fylkeskommunene å legge til de nye selskapene? Hvilke prosjekt er det ønskelig å ikke endre organisering av, og hva er evt. begrunnelsen. Hvordan ser fylkeskommunene for seg at nye aktuelle og kommende prosjekter skal organiseres? Hva er tidsplanen for å knytte eksisterende prosjekt/selskap til det regionale selskapet?*

Fylkesrådmennene ønskjer at alle selskap/prosjekt i regionen skal kunna bli innlemma /tilknyttet det regionale bompengeselskapet. Fylkesrådmennene vil først prioritera selskap kor fylkeskommunen er majoritetseigar og/eller selskap som ønskjer snarleg innlemming/tilknytning. Selskap som har lita innkrevingstid igjen, er det mindre aktuelt å leggja til det regionale bompengeselskapet.

Fylkesrådmennene vil i saksframlegga sine peika på konkrete selskap/prosjekt som snarleg bør innlemmast i selskapet.

Arbeidet med å knyta eksisterande prosjekt/selskap til å regionale bompengeselskapet vil starta opp hausten 2016.

3. *Vi ser at det kan være behov for at fylkeskommunene må vurdere problemstillinger knyttet til kontraktsmessige forhold for eksisterende bompengeprojekt/selskap ved overgang til ny organisering. Dette gjelder blant annet om det er vilkår i inngåtte avtaler om innlån, samt vilkår i for eksempel driftskontrakter, som må vurderes i denne sammenheng. Har fylkeskommunene gjort vurderinger av om denne typen problemstillinger er aktuelle og eventuelt hvordan vil de bli håndtert? Når det gjelder avtalene med Statens vegvesen, må det som nevnt inngås ny bompengeavtale mellom de regionale bompengeselskapene og staten v/ Statens vegvesen.*

Regionen har i mindre grad sett på kontraktsforholda i dei etablerte bompengeselskapa. Før innlemming i det regionale selskapet må det gjennomførast ein due diligence for kvart selskap. Fylkesrådmennene føreset at det nye bompengeavtaleverket ligg føre medio 2016.

4. *Samferdselsdepartementet ber om tilbakemelding fra eierne av de respektive regionale bompengeselskapene om de p.t. også ønsker å være ansvarlig for en egen, utskilt utstederfunksjon.*

Fylkesrådmennene legg opp til at regionen på eit seinare tidspunkt skal ta stilling til om det skal opprettast eit regionalt utstedarselskap for regionen.

5. *Er det fra fylkeskommunenes side ønskelig med en nasjonal utsteder som ivaretar utstedelse av betalingsbrikken og håndtering av avtalekunder?*

Regionen har ikkje fremja ønske om ein nasjonal utstedar.

6. *Legges det opp til organisering etter prosjekt- eller konsernmodell, evt. kombinasjon?*

Fylkesrådmennene rår til at det regionale bompengeselskapet på sikt vert organisert i ein rein prosjektmodell. Men i ein mellomfase kan eventuelt enkelte eksisterande selskap innlemmast i det regionale selskapet som datterselskap (hybridmodell). Det er mest aktuelt for selskapa der det er mange eigarar og der fylkeskommunen ikkje har aksjemajoritet.

7. *Hvilke planer har eierne for ivaretagelse av driften?*

Det regionale bompengeselskapet må sikra at det ikkje vert driftsstans i innkrevinga hos selskapa som vert innfusjonerte. Det er derfor i notatet lagt til grunn at:

- Det regionale bompengeselskapet ved fusjon/overtaking kan overta og vidareføra driftskontraktane mellom dei innfusjonerte/overtekne selskapa og Trøndelag Bomvegselskap AS ut avtaleperioden.
- Det regionale bomselskapet opprettheld driftsavtalane som dei innfusjonerte selskapa har med BT Signaal AS.

- Det regionale bomselskapet infusjonerer Agder Bomdrift AS som ei driftseining i selskapet. Denne driftseininga vidarefører noverande driftsoppgåver for eksisterande og framtidige bompengeprojekt i Agderfylka.
- Det regionale bompengeselskapet må utarbeida ein driftsstrategi for selskapet kor ulike driftskonsept vert vurderte.

Det har kome eit tilbod frå BT Signaal AS (vedlegg 4) til bomregion sørvest om at regionen kan kjøpa delar av selskapet. Det regionale bompengeselskapet bør handsama tilbodet frå Sørvest Vegfinans AS som ein del av vurderinga av framtidig driftskonsept for bompengeselskapet.

Fylkesrådmennene legg til grunn at det regionale bomselskapet infusjonerer Agder Bomdrift AS som ei driftseining i selskapet. Denne driftseininga vidarefører noverande driftsoppgåver for eksisterande og framtidige bompengeprojekt i Agderfylka.

Thorbjørn Aarethun  
seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 NOTAT: Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet, april 2016